



Møteprotokoll

Utval: KULTUR,- MILJØ- OG ENERGIUTVALET
Møtestad: Rådhuset
Møtedato: 07.09.2009 **Tid:** 17.00

Desse møtte:

Bjørn Nedreskodje, leiar
Torbjørn Skodjereite
Terje Vadset
Edith Stokke
Inge Helge Øye
Ole Bjørn Hildre

Frå administrasjonen møtte sakshandsamar Nils Holten.

SAKLISTE

Sak nr. Arkivsak
6/09 08/685
ENERGI- OG KLIMAPLAN

Drøftingssak:

Sti frå Dampskipskaia til Straumen

Sak 6/09

ENERGI- OG KLIMAPLAN

HANDSAMING:

10 kommunar i Ålesundsregionen samarbeider med utarbeiding av ein felles energi- og klimaplan. Det er oppretta ei interkommunal arbeidsgruppe der Inge Øye og Nils Holten har møtt for Skodje kommune. Det ligg no føre eit utkast til Energi- og klimaplan for behandling i den kommunale arbeidsgruppa som består av Kultur,- miljø og energiutvalet.

Sakshandsamar Nils Holten gjekk kort gjennom det arbeidet som var gjort i den interkommunale arbeidsgruppa. Del I, felles plandokument, er ferdig og del II, hovudmålsetjingar, er under arbeid. Her må kommunane sette mål for energi- og klimaplan samt komme med tiltak som syner at måla kan oppnås.

Arbeidsgruppa foreslår at Skodje kommune skal redusere klimautslippa med 10% i forhold til 1991 nivå.

ÅRU, v/innleidd konsulentfirma Norconsult, har utarbeida ei standard liste med forslag over diverse tiltak for å nå dette målet. Arbeidsgruppa merka av dei tiltaka som dei foreslår at Skodje kommune skal innarbeide i planen.

VEDTAK:

Det vart ikkje gjort vedtak.

Utvalet drøfta også sak om sti frå Dampskipskaia til Straumen.